



Kommunen er positiv til at gardsbruk fører opp hytter i fjellet. Dette er Mannsvatnet og den aktuelle hyttetomta ligg på venstre side, ved halvøya. (Foto: Ragnvald Myklebust)

IDet var ikkje dissens i nokon av dei fire Uskedal-sakene som var oppe i forvaltningskomiteen onsdag. Alle vart vedteke samrøystes i tråd med forslaga frå rådmannen og det var heller ingen debatt. Her er eit samandrag av vedtaka:

* Berit M. Dale, som bur på Stord, får dispensasjon frå arealføremålet fiskeområde i gjeldande kommunedelplan samt plan- og bygningslova sitt forbod mot byggjing og deling i 100-metersbeltet. Dermed kan uteliggjar/landingsplass leggjast ut på eigedomen hennar på Skorpo. Men før tiltaket kan igangsetjast må det vera gjeve løyve også etter plan- og bygningslova og/eller eventuelle særlover.

* Thomas Fjelland Eide får dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen slik at omsøkt hytte på eigedomen hans ved Mannsvatnet kan omsøkjast og handsamast etter plan- og bygningslova i samsvar med framlagte planar. Men også her må det vera omsøkt og gjeve løyve etter plan- og bygningslova og/eller eventuelle særlover.

Det blir ikkje sett krav om reguleringsplan då tiltaket i seg sjølv eller konsekvensane av det ikkje er slik at det vert vesentlege endringar i bestående miljø. Kommunen ynskjer å vera positiv til at gardsbruk skal kunne føre opp hytter i fjellet, blir det streka under i saksførebuinga.

* Komiteen tek ikkje klagen frå fylkesmannen til følgje og opprettheld sitt vedtak frå juni om frådeling av inntil fire dekar frå eigedomen til Haldis Myklebust på Musland. Tomta skal nyttast til maskinstasjon og noko som tilleggsareal. I tråd med dette får ho dispensasjon frå arealføremålet LNF i gjeldande kommunedelplan.

* Kurt Eivind Miljeteig får løyve til å dele frå 500 kvadratmeter av eigedomen Friheim. Tomta ligg i søre enden av bruket inntil areal som er godkjent til fritidshus. Han får dispensasjon frå arealføremålet LNF i gjeldande kommunedelplan.

Av Ola Matti Mathisen